

Eli Aarnes Lerøy
Lerøyvegen 172
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/586 - 23/4730

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
23.05.2023

Løyve til frådeling av bustadtomt på gbnr 158/3 - Lerøy

Administrativt vedtak. Saknr: 050/23

Vi syner til søknad motteke 08.05.2023

Vedtak

Austrheim kommune gjev på vilkår løyve til omsøkt frådeling av ein bustadtomt på gbnr. 158/3 på Lerøy. Grunngevinga for vedtaket er at delingsøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1

Saksutgreiing:

Det er søkt om frådeling av bustadtomt frå gbnr. 158/3. Området er i LNF-område for spreidd busetnad på SBN8 Lerøy. Kostnadar med deling-og oppmålingsarbeidet tek kjøpar av tomten seg av.

Kart datert den 16.02.2023 viser omsøkt frådeling av nausttomt på gbnr. 158/3. Søknad er naboarsla på vanleg måte. Det er ikkje kome merknadar frå naboar. Naboar har samtykt til delinga. Søkjar har lagt ved kart som viser bustadtomten.

Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med godkjent kommuneplan sin arealdel for området. Føresegn i **§ 3.2.1 Ny bygnad** styrer dette slik:

Område for spreidd byggeområde kan i planperioden byggjast ut med nye bustader der det ikkje er til ulempe for landbruk, friluftsliv eller natur og miljø. Frådeling eller bygging må ikkje medføre vesentlig driftsulempe for landbruket.

Dette er vurdert grundig og Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med føresegner, plankart og vedtak i kommuneplansaka. Kommuneplanen vart godkjent av kommunestyret i Austrheim den 11.04.2019. Austrheim kommune ser og at delinga er i tråd med plan- og bygningslova og at naudsynte tiltak knytt til bustadeigedomen som veg, vatn og avløp kan løysast. Desse rettane må tinglysast i skøyte eller i eige dokument. Frådelinga er vist under:



Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m ²	Arealtype for deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
A	1000-1100	LMF-spreid		Arne og Eli Lerøy

Stien i området er ikkje lenger i aktiv bruk, det er kome nye vegar og turstiar i området som folk i dag brukar. Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med godkjent kommuneplan sin arealdel for området og er fornuftig arealmessig. Saka vert no sendt over til vidare kartforretning. Lykke til med prosesen vidare.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Arne Ivar Lerøy	Lerøyvegen 172	5943	Austrheim
Eli Aarnes Lerøy	Lerøyvegen 172	5943	Austrheim
Joar Alfredsen Lerøy	Lerøyvegen 174	5943	Austrheim